



Arkivnr: 2019/4819-5  
Saksbehandlar: Øydis R. Ziem

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.05.2019

## Klimastreik og føring av frávær i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Av protokoll frå fylkesutvalet 28.03.2019 går det fram at fylkesrådmannen fekk følgjande oversendingsforslag:

#### Klimastreiken

Torsdag 14. og fredag 22. mars mobiliserte fleire tusen skuleelevar til klimastreik. Kravet frå ungdomane er klårt og tydeleg, dei forventar at det vert tatt ansvar for å få ned klimagassutsleppa. Vi må gjera endå meir enn i dag for å nå 1,5-gradersmålet, og difor er det inga overrasking at ungdomane stiller krav til dagens politikarar og andre som kan medverka til det grønne skiftet og ei berekraftig utvikling. Elevdemokrati og ungdomsmedverknad er viktig for Hordaland fylkeskommune. Det er ei målsetting at ungdomar skal kunne delta i politisk arbeid og påverka politiske prosessar. Derfor er det uheldig at dagens nasjonale fráværreglar vert opplevd som lite fleksible og at det legg avgrensingar på dei unge sitt engasjement. Sjølv om det finnes ei rekkje saker som ungdom engasjerer seg i, er klimakampen i ein eigen kategori. Det vil vera vanskeleg å skulla skilja mellom ulike saker og aktivitetar men det er liten tvil om at klimakampen er ei av dei viktigaste sakene for ungdom i åra som kjem.

Fylkesutvalet vil oppmoda dei vidaregåande skulane om å leggja til rette for at elevane kan engasjera seg i viktige samfunnsspørsmål og at ein syner fleksibilitet ved praktiseringa av fráværreglane. Når det gjeld dei aktuelle markeringane, så bør ein kunna finna ei løysing slik at elevar som deltok her ikkje vert registrert med frávær.

Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak om dette til neste møte.

### Samandrag

Fylkesrådmannen har vurdert oversendinga med tanke på handlingsrommet som er definert i opplæringslova med forskrifter, utfyllande retningslinjer for fráværføring frå Utdanningsdirektoratet og rettleiing for handsaming av frávær i samband med klimastreiken frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gje generelt fritak for fráværføring i samband med klimaaksjonen 22. mars 2019 eller tilsvarende aksjon eller streik. Fylkesrådmannen meiner at den rettleiinga for praksis ved føring av frávær som alt er formidla til dei vidaregåande skulane i Hordaland frå fylkesdirektør opplæring, er i samsvar med vurderingane som er gjort av nasjonale skulestyresmakter.

Det ligg utanfor fylkesrådmannens mynde å vurdere om det nasjonale regelverket for føring av fråvær er tenleg, eller om klimaaksjonen er viktigare enn andre politiske markeringar – og difor bør handsamast som unntak frå det nasjonale regelverket. Fylkesrådmannen deler oppfatninga at det er svært viktig at ungdomen vår engasjerer seg politisk og viser til dei offisielle retningslinene for politisk verksemd som ligg i kvalitetsportalen.

**Økonomi:** Ingen effekt

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen effekt

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tek til vitande at det nasjonale regelverket for føring av fråvær i vidaregåande opplæring ikkje gjev rom for eit generelt fritak for fråvær i samband med klimaaksjonen 22. mars 2019.
2. Den einskilde skule ved rektor har høve til å vurdere om enkeltelevar har hatt ei rolle i klimaaksjonen som kan gje grunnlag for fritak for føring av fråvær etter Forskrift til opplæringslova § 3-47.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 05.04.2019

Fylkesrådmannen har vurdert oversendinga med tanke på handlingsrommet som er definert i opplæringslova med forskrifter, utfyllande retningslinjer for fráværføring frå Utdanningsdirektoratet og rettleiing for handsaming av frávær i samband med klimastreiken frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. I denne saka vert det ikkje greidd ut om dei retningslinjer som gjeld for fráværføring i vidaregåande opplæring, er tenlege. Fylkesrådmannen meiner at fylkeskommunen som skuleeigar til ei kvar tid må opptre i tråd med fastsette retningslinjer. Det ligg heller ikkje til fylkesrådmannens mynde å vurdere om klimaaksjonen er så spesiell at dette kan tilseie ein annan praksis ved føring av frávær enn det som er regulert i Forskrift til opplæringslova og presisert med fráværsgrense i rundskriv UDIR 3-2016.

Det er svært mange som set pris på det klimaengasjementet som ungdom no viser både lokalt, nasjonalt og globalt. Fylkeskommunen skal på prinsipielt grunnlag vere open for at lag og organisasjonar markerer seg overfor ungdom og vaksne i vidaregåande opplæring – også på skulens område. I rutinen som er kunngjort i kvalitetsportalen under «Rutine - Politisk verksemd ved skulane våre», heiter det mellom anna:

*Skuleeigar er positiv til at politiske ungdomsorganisasjonar og andre organisasjonar er aktive og engasjerer seg i politisk verksemd på skulane. Skulane har eit sjølvstendig ansvar for å gje opplæring som fremjar samfunnsansvar og personleg engasjement, jamfør opplæringslova § 1-1. Det er såleis opp til den enkelte skule å fritt kunne invitere organisasjonar og enkeltpersonar til faglege opplegg i eigen regi eller i samarbeid med andre skular.*

*Inspirasjon og interesse for å ta samfunnsansvar kan òg oppstå i møte med politiske organisasjonar som på sjølvstendig grunnlag ønskjer å kome i dialog med ungdom utanom den ordinære opplæringa.*

Føring av frávær og innføring av fráværsgrense har vore eit tema som har skapt heftig politisk ordskitte dei to-tre siste åra. Hausten 2016 vart det innført fráværsgrense i den vidaregåande skulen. Regelverket for fráværføring finn ein i rundskriv UDIR 3-2016 fráværsgrensa. Kunnskapsdepartementet presenterte sjølv fráværsgrensa som ei styrd innskjerping i høve til tidlegare praksis. Det vart lagt stor vekt på samanhengen mellom høgt frávær og svake føresetnader for å gjennomføre opplæringa.

Med utgangspunkt i det nye regelverket og den varsla «klimastreiken» sende fylkesdirektør opplæring i mars 2019 ut følgjande melding til dei vidaregåande skulane i HFK:

*«Slik vi tolkar regelverket (forskrifta), er det berre politiske verv som gjev rett til godkjent frávær, ikkje deltaking i politiske aksjonar.*

*Dersom ein skule legg opp til at 14. mars kan brukast som del av eit fagleg opplegg med læringsmål, stiller saka seg litt annleis.»*

Utdanningsdirektoratet har svart slik på ein førespurnad frå ein annan fylkeskommune i mars 2019 om fráværføring i samband med klimademonstrasjonar:

*«Vi viser til deres spørsmål om deltakelse i klimademonstrasjon i skoletiden vil kunne regnes som «politisk arbeid». Dokumentert politisk arbeid kan unntas fra fraværsgrensen og fra føring på vitnemålet etter forskrift til opplæringsloven § 3-47 jf. § 3-3. Politisk arbeid vil typisk være deltakelse i kommunestyre eller arbeid for et parti, men det finnes ikke nasjonale retningslinjer for hva som vil omfattes av begrepet. Det er ikke ønskelig at alt arbeid av politisk karakter skal omfattes av begrepet, særlig arbeid som lett kan gjøres utenfor skoletiden. Tidligere Kunnskapsminister Rø Isaksen har svart på et skriftlig spørsmål om politisk streik i Stortinget. Politisk streik vil vanligvis ikke regnes som politisk arbeid, men dette vil kunne avhenge av den enkelte elevens rolle. Dette må vurderes lokalt. Dersom skolene godtar elevstreik som dokumentert fravær uten å gå inn i den*

*enkelte elevens rolle, vil dette ikke være i tråd med reglene. Dette vil også gjelde den varslede nasjonale klimademonstrasjonen i 22. mars.»*

Fråværsføring ved politiske demonstrasjonar vart også diskutert i forum for fylkesutdanningsdirektørar 20. mars. Alle fylkesdirektørane er samde om at i utgangspunktet skal alt fråvær førast. Skulen ved rektor må i det einskilde høve gjere ei vurdering av om eleven si rolle kan definerast som politisk arbeid. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg å vere medlem i eit politisk parti for å få dokumentert fråvær under streik.

### **Vurdering**

Det er ikkje første gong det er gjort vurderingar av om politisk aktivitet er innanfor intensjonen i lov og forskrift med tanke på føring av fråvær. Seinast hausten 2018 vart fylkesdirektør opplæring oppmoda om å ta stilling til ein politisk aksjon mot «Operasjon Dagsverk». Spørsmålet var også den gongen om ikkje ein slik aksjon låg innanfor forståinga av politisk arbeid i Forskrifta § 3-47 - og såleis kunne gje grunnlag for godkjent fråvær. Fylkesrådmannen synest det er rett å følgje dei retningslinene som er gitt nasjonalt. Det er sjølvsagt heilt legitimt å arbeide for at lov og forskrift vert endra, men det må gjerast gjennom arbeid i Storting og regjering, eventuelt gjennom å påverke slikt arbeid.

Fylkesrådmannen meiner det ikkje er heimel for eit generelt fritak for fråværsføring. Om enkeltelevar likevel har hatt ei rolle i samband med markeringa som kan gje grunnlag for at fråvær ikkje blir ført, er det innanfor rektors fullmakt å avgjere dette. Den vanlegaste dokumentasjonen er ei fråsegn frå tillitsperson i politisk organisasjon eller parti som viser at ein elev har utført arbeid på vegne av organisasjonen eller partiet. Forskrifta § 3-47 femte ledd set eit tak på 10 skuledagar for godkjent fråvær totalt for punkt a – f. Dersom rektor gjev fritak for føring av fråvær som er knytt til klimaaksjonen innanfor denne ramma, brukar eleven av kvoten som kan gje fritak for føring av fråvær som skuldast a) helse- og velferdsgrunnar, b) arbeid som tillitsvald, c) politisk arbeid, d) hjelpearbeid, e) lovpålagt oppmøte og f) representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.